



Reisemål Hardangerfjord får vita meir om krinsskulen på Haugland. F.v: Kristian Bringedal, Charlotte Lingener, Jans Jørgen Andersen og Hege Grane Hisdal.

Tre tilsette i Reisemål Hardangerfjord saman med Karen Løvfall Våge, leiar for Kvinnherad Turistinformasjon, kom til Uskedalen i går for å gjera seg kjende med turmål og attraksjonar i bygda. Etter informasjon og lunsj på Elins Matgleder gjekk turen på dalen til Friheim Gardsmat og Haugland skulemuseum. Grappa var innom Dønhaug Gjestegard, også for å sjå plassen der Festidalen har sin rockearena.

Bakgrunnen for studieturen er at Kvinnherad er innmeld i Reisemål Hardangerfjord. Tilsette har trong for å vita meir om turmål og attraksjonar i Kvinnherad. I sentrum var grappa innom båthamnene, Rabben Feriesenter og Solheim Turiststasjon.

I møte med Reisemål Hardangerfjord vart det informert om nettsida Uskedalen.no og om guida bygdevandringar. I dette konseptet er det lagt inn informasjon om fjellklatringa i Ulvanoso.

Så gjenstår det å sjå om kommunen si satsing på turisme i høve til Hardanger vil føra til at Uskedalen vert eit interessant tumål. Møte med administrasjonen var på alle måtar positivt og konstruktivt.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Karen Løvfall Våge